



Dei det gjeld - brukarar av dagsenter

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2514 - 14/8244

Saksbehandlar:

Helge Kvam

helge.kvam@meland.kommune.no

Dato:

28.05.2014

Informasjonsbrev til brukar av dagsenter - invitasjon til å ta del i brukarundersøking 2014.

Meland kommune inviterer deg til å ta del i brukarundersøking innan omsorgstenesta.

Vi ønskjer å gje deg eit trygt og godt tenestetilbod på dagsenteret. Det er difor viktig for oss å få kunnskap om korleis du opplever kvaliteten på våre tenester. Ved å svare på spørsmåla vil du kunne gje oss oversyn på kva område som fungerer, og kva område vi har forbettringspotensiale.

Vi nyttar standardisert spørreskjema frå www.bedrekommune.no og du får tildelt individuelt eingongspassord. Deltaking i undersøkinga er frivillig og anonym.

Vi håper å kunne ha ein samtale med deg for å høyre di meining om aktuelle tema i spørreskjema. Personen som kjem på besøk er ikkje tilsett ved dagsenteret, men er representant for Fellestråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Ein vil kontakte deg på førehand for å avtale når det passer å samtale med deg.

Ein kan svare på 2 ulike måtar:

1. Vedlagt ligg spørreskjema påført individuelt eingongspassord. Logg deg på www.bedrekommune.no klikk på «svare på undersøking» og skriv onn passord. Når du er ferdig, og skjema er sendt elektronisk, har du svart på undersøkinga.
2. Du kan fylle ut skjema manuelt. Legg skjema i konvolutt og returner til Meland kommune v/Helge Kvam, Pb 79, 5906 Frekhaug eller lever konvolutt i resepsjon på rådhus. Ikkje før på namn (anonym) – vi nyttar eingongspassord som står på skjema når vi skriv inn svara dine.

Fristen for å svare på skjema er i perioden 2.-20. juni.

Er det spørsmål til undersøkinga kan du kontakte Helge Kvam eventuelt Randi Minde.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Helge Kvam
rådgjevar pleie og omsorg og sosial

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Britt Hilde Romarheim
Randi Rotevatn Minde

Mottakere:

Dei det gjeld - brukarar av
dagsenter